



# Økonomiplan 2018-2021

2018 - 2021

## Utfordringsnotat/grunnlagsdokument

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller utføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Kommunar utan handlingsrom må gå rett på tenestekutt dersom dei ikkje har tilstrekkelege fondsreservar. Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsigktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Langsigktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som blir vedtatt i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ein gjennomarbeida og oppdatert økonomiplan vel så viktig som eit godt årsbudsjett. Planlegging ut over årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring. Gjennom god økonomiplanlegging skal kommunen sørge for at avgrensa ressursar blir brukt så effektivt som mogeleg. Risikoen ved manglande langsigktig planlegging er at kommunen mister kontrollen over økonomien og hamner i ubalanse. Då er vegen til upopulære kutt i tenestetilbodet kort. Kommunen er avhengig av å vere i forkant av utfordringar og endringar for å halde på handlingsrommet. Økonomiplanen skal gi retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. God økonomiplanlegging betyr difor god oversikt over dei økonomiske og demografiske forhold m.m. som påverkar kommunen, og at økonomiplanen blir basert på reelle prioriteringar i kommunestyret.

## **Innhold**

Innleiring .....	3
Folketalsutvikling og prognose i Aurland .....	4
Konsekvensjustert økonomiplan - drift .....	5
Vedtatt Investeringsplan 2017-2020 .....	7
Økonomiske nøkkeltall.....	9
Fond og gjeld.....	9
Likviditet .....	10
Premieavvik.....	12
Korleis prioritere tiltak og oppgåver? .....	13
Moglege strategiar og tiltak for å møte ny økonomisk kvardag .....	14
Utgangspunkt: .....	14
Gebyr, brukarbetaling og andre inntekter .....	15
Administrasjon og politisk styring .....	16
Pleie og omsorg.....	17
Helsetenester .....	19
Barnevern .....	20
Skule og SFO .....	22
Barnehage.....	25
Kultur og kyrke .....	27

### **Sentrale styringsdokument:**

- Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020
- Budsjett 2017
- Kommunelova
- Veileder Økonomiplanlegging i kommuner og fylkeskommuner (KRD desember 2013)

## **Innleiing**

---

Økonomiplanlegginga skal bidra til at prioriteringsdiskusjonen bygger på eit realistisk grunnlag som reflekterer kva som faktisk er mogeleg å oppnå i kommunen, samtidig med at me sikrar økonomisk balanse og eit grunnlag for å yte eit godt tenestetilbod over tid.

For å bidra til ein felles forståing av kommunen sin økonomiske situasjon er det ei rekke ulike type spørsmål som me må gjennomgå, som til dømes:

- Er kommunen sin økonomi i balanse?
- Kva for statlege føringar kan forventast?
- Korleis vil renteutviklinga påverke kommunen?
- Korleis vil innbyggarutviklinga, og samansettinga, i kommunen utvikle seg i åra som kjem?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa auka etterspurnad?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa redusert etterspurnad?
- På kva for område vil kostnadane auke i framtida dersom me ikkje tar grep i dag?
- Kva for alternativ har kommunen for å dekke dei identifiserte framtidige behov?
- Kvar ligg utryggleiken/riskoane, og korleis handterer kommunen dei?

Før me startar med prioritering av ressursane mellom tenesteområda, bør dei overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett. Då vil me unngå at prosessen stoppar opp eller blir utsett. Måla og rammene som skal fastsettast av kommunestyret 14. desember må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon.

Den økonomiske politikken i Aurland kommune, og dette er ein føresetnad for god økonomistyring, bør innehalde/etablera lokale målsettingar på enkle sentrale nøkkeltal. Dette kan til dømes gjelde:

- Netto driftsresultat
- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konsesjonsavgiftsfond

Desse målsettingane vil gje grunnlaget for ein sunn økonomistyring og vere med på å legge rammene for eit ønska handlingsrom.

## Folketalsutvikling og prognose i Aurland

---

Framskrive folketal 2018 – 2025 --- 2030 -2035 -2040 menn og kvinner, alt MMMM –per 1.januar												
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025		2030	2035	2040
0 år M-K	20	20	21	21	21	20	20	20		19	18	18
1- 5 år M-K	85	90	98	105	104	105	105	104		101	97	94
6-12 år M-K	117	115	112	104	112	115	122	128		147	144	139
13-15 år M-K	56	52	57	59	55	54	46	46		58	63	63
16-19 år M-K	80	86	76	75	75	73	82	76		64	85	87
20-44 år M-K	551	547	563	574	564	561	555	559		552	520	512
45-66 år M-K	528	534	532	528	531	535	529	520		502	499	506
67-79 år M-K	233	238	236	231	239	240	248	253		264	285	298
80-89 år M-K	86	86	80	81	81	78	82	88		122	137	138
90 år el eldre M-K	32	36	33	33	33	33	29	27		26	27	45
Folketal	1788	1804	1808	1811	1815	1814	1818	1821		1855	1877	1900

Til grunn for kommunen sin økonomiplan må det ligge ein folketalsprognose. Ein god prognose for utviklinga i folketetalet og dei ulike aldersgruppene er heilt nødvendig for å kunne gi realistiske vurdering av inntekter og utgifter i åra som kjem. Utgangspunktet for å planlegge omfanget og innretninga av tenester i kommunen er avhengig av kva prognosane seier om vekst eller nedgang i folketetalet, og korleis folkesamansetninga er forventa å endra seg. Folketalsvekst og folketalsnedgang gir oss ulike utfordringar i den økonomiske planlegginga og må handterast på forskjellig måte, både på driftssida og investeringssida.

## Konsekvensjustert økonomiplan - drift

### Økonomiplan 2018 - 2021

#### DRIFTSOVERSIKT

(Tall i 1000 kr)	Rekn 2016		Årsbudsj	Økonomiplan			
	2017	2017		2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	77 225	78 200	78 700	78 700	78 700	78 700	78 700
Rammetilskudd	39 472	40 000	40 500	40 500	41 000	41 000	41 000
Eigedomsskatt	54 986	42 600	39 100	35 600	32 100	28 600	
Konsesjonsavgift	15 383	15 300	15 300	16 200	16 200	16 200	
Integreringstilskot flyktninger	971	2 631	2 600	2 600	2 600	2 600	
Andre statlige overføringer	997	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>189 034</b>	<b>179 931</b>	<b>177 400</b>	<b>174 800</b>	<b>171 800</b>	<b>168 300</b>	
Renteinntekter	1 366	1 019	1 000	900	800	700	
Utbute	5 528	9 000	5 500	5 500	5 500	5 500	
Renteutgifter	-2 383	-2 700	-2 700	-3 000	-3 200	-3 400	
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>4 511</b>	<b>7 319</b>	<b>3 800</b>	<b>3 400</b>	<b>3 100</b>	<b>2 800</b>	
Motekne avdrag på lån	731	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
Avdragsutgifter	-5 385	-6 900	-7 200	-7 200	-7 500	-7 500	
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>-4 654</b>	<b>-5 900</b>	<b>-6 200</b>	<b>-6 200</b>	<b>-6 500</b>	<b>-6 500</b>	
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>-143</b>	<b>1 419</b>	<b>-2 400</b>	<b>-2 800</b>	<b>-3 400</b>	<b>-3 700</b>	
<b>TIL FORDELING</b>	<b>188 891</b>	<b>181 350</b>	<b>175 000</b>	<b>172 000</b>	<b>168 400</b>	<b>164 600</b>	
<b><i>Til driftsrammer:</i></b>							
Politisk leiing	3 339	3 008	3 008	3 008	3 008	3 008	
Sentraladministrasjon	11 415	8 959	8 959	8 959	8 959	8 959	
Kultur	5 603	4 883	4 883	4 883	4 883	4 883	
Aurland Barne og ungdomsskule	19 371	19 839	19 839	19 839	19 839	19 839	
Flåm barnehage	3 409	4 494	4 494	4 494	4 494	4 494	
Vangen barnehage	4 953	5 468	5 468	5 468	5 468	5 468	
Flåm skule	6 625	6 584	6 584	6 584	6 584	6 584	
Helse og førebyggande	11 722	11 687	11 687	11 687	11 687	11 687	
NAV Aurland	2 514	2 447	2 447	2 447	2 447	2 447	
Barnevern	3 293	3 050	3 050	3 050	3 050	3 050	
Pleie og omsorg	60 765	58 323	58 323	58 323	58 323	58 323	
Teknisk	24 554	24 582	24 582	24 582	24 582	24 582	
Nøytrale inntekter / utgifter	12 237	11 219	11 219	11 219	11 219	11 219	
Sal av konsesjonskraft	-4 222	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	
Lønsoppgjer (blir fordelt)	0	39	3 000	2 500	3 000	2 500	
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>165 578</b>	<b>160 582</b>	<b>163 543</b>	<b>163 043</b>	<b>163 543</b>	<b>163 043</b>	
<b><i>Dispositioner:</i></b>							
Avsetning til disposisjonsfond	-5 245	-1 677	-1 677	-1 677	-1 677	-1 677	
Avsetning mindreforbruk 2016	-1 834	-1 834					
Avsetning til konsesjonsavgiftsfond	-16 114	-16 300	-16 300	-17 200	-17 200	-17 200	
Avsetning integreringstilskot flyktninger	-809	-2 631	-2 600	-2 600	-2 600	-2 600	
Avsetning av utbye			-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	
Bruk av tidl. års mindreforbruk	849	1 834					
Overføring til investering	-160	-160	-160	-160	-160	-160	
<b>Netto disposisjoner</b>	<b>-23 313</b>	<b>-20 768</b>	<b>-24 737</b>	<b>-25 637</b>	<b>-25 637</b>	<b>-25 637</b>	
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-13 280</b>	<b>-16 680</b>	<b>-20 780</b>	<b>-24 080</b>	

Tall i mill. kr.

Konsekvensjustert budsjettframskriving er basert på kommunestyret årsbudsjettvedtak, justert for reduserte inntektsføresetnad er i planperioden. Framskrivinga viser store økonomiske utfordringar for Aurland kommune. Dette betyr at det må prioriterast mykje strengare, og at tenestilbodet må tilpassast dei reelle rammevilkåra.

Tabellen er framstilt med faste prisar. Det betyr at me legg til grunn år 1 i økonomiplanen og framskriv dei same føresetnadane.

Løns- og prisvekst har stor verknad for utviklinga i kommunen sine utgifter til drift og investeringar. Aurland kommune legg statsbudsjettet føresetnad for løns- og prisvekst (deflator) til grunn i økonomiplanlegginga. Løns- og prisvekst kan variere noko frå kommune til kommune og mellom dei ulike tenesteområda/grupper av tilsette. I planlegginga av kommune sin økonomi har me difor sett av midlar til å dekke framtidig løns- og prisvekst. Dette gjeld ikkje i investeringsbudsjettet (må justerast årleg)

Kommunen har ei rekke inntektskjelder; skatt frå inntekt og formue, statlege overføringer, gebyrinntekter, renteinntekter, eigedomsskatt og kraftinntekter mm.

Aurland kommune bruker eit verktøy utvikla av KS (prognosemodell) for å fastsette dei forventa inntektene på skatt og rammeoverføring frå staten. Denne modellen blir oppdatert jamleg på ny informasjon om inntektsrammene og folketalsutvikling mm.

Rammetilskotet og skatt på inntekt og formue er i oversikten framskrive med om lag 119 millionar kroner kvart år i planperioden.

Ein stor inntektspost i Aurland kommune er eigedomsskatt på kraftverk. Denne inntekta vart monaleg redusert frå 2016 til 2017 (12 mill. kroner). Det er forventa ytterlegare reduksjon i denne inntekta med om lag 3,5 mill. kroner kvart år i planperioden. Hovudforklaringa er reduserte kraftprisar, store utberingar av kraftanlegga, og justering av renta som blir nytta når noverdien av framtidige inntekter blir fastsett. I Statsbudsjettet for 2018 varslar Regjeringa ei ny auke av grunnrenteskattesatsen til 35,7 % (auke med 1,4 %). Auken blir grunngjeve med at ein ønsker å kompensera staten sine mindre skatteinntekter som følgje av redusert sats for selskapskatten. Regjeringa foreslår ingen endring i kapitaliseringsrenta for eigedomsskatt på kraftanlegg. Kapitaliseringsrenta på 4,5 % vil derfor bli ståande. Dersom det ikkje er andre endringar, vil dette gi reduserte inntekter frå eigedomsskatt på vasskraftanlegg på om lag 380 mill. kroner i 2018.

Utbyte frå selskap som Aurland kommune eig, eller er medeigar i, er forventa til 5,5 millionar kroner kvart år i planperioden. 4 millionar av dette er eit avkastningskrav frå ARU. Utbyte skal/bør ikkje disponerast til løpende drift då dette er ei usikker inntekt. I planen er difor dette beløpet sett av til disposisjonsfond. Aurland kommune eig Aurland Energiverk AS 100%, og har moglegheit til å sette høgare krav til utbyte frå selskapet enn det me gjer i dag.

Aurland kommune sel konsesjonskraft til Aurland Energiverk AS med eit påslag på 5 øre pr. kWh. Kommunen har teikna ein ny eitt-års avtale med Aurland Energiverk for 2017. Fram til 2016 var påslaget på 10 øre pr. kWh. Differansen utgjer om lag 2,5 mill. kroner pr. år.

Kommunen sine avdrag på gjeld følgjer no ein nedbetalingsplan som er minimumskravet. Det betyr at kommunen ikkje kan innføre ein lengre avdragsperiode på sine lån, og dermed redusere årlege avdrag. Handlingsrommet her var tidlegare om lag 3 millionar kroner i året. Dette er no tilført drifta.

## Vedtatt Investeringsplan 2017-2020

ÅR		SUM	2017	2018	2019	2020
Tiltak	BUDSJETT 2016	2017 - 2020				
<b>Helse og omsorg</b>						
Opparbeiding Furuly, Lunde	2 000	15 000	15 000			
Telemedisin		200	200			
Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	6 000	18 000	1 000	11 000	6 000	
<b>Oppvekst</b>						
Barnehage	300	50 500	1 500	1 500	25 000	22 500
Universiell utforming vårom ABU		500	500			
<b>Vatn og avløp</b>						
Høgdebasseng Nedre Fretheim		1 950		1 950		
Renseanlegg Flåm sentrum		3 000	500	2 500		
Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)		2 000			2 000	
Høgdebasseng Klokkgarden	700	700	700			
Desifiseringsplan for Gudvangen		1 100	550	550		
Hovudledning VA næringsareal Gudv.	1 200	1 000	1 000			
Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen		2 000		1 300	700	
Vatn og avløp Bakka	500	500			500	
Vangen sentrum		500				500
VA Viki Fretheim		800	800			
<b>Natur og idrett</b>						
Symjehall	4 000	37 000	3 500	30 000	3 500	
Terapibad		6 000	2 000	4 000		
Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onsta	500	500	500			
Turveg Heggviki - Bøen	500	21 000	500	500	500	19 500
<b>Byggeprosjekt</b>						
Oppgradering Heradshuset	2 500	1 800	1 600	200		
Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshauga		5 400	5 400			
Rassikring Nedre Brekke Flåm	4 500	4 500		4 500		
Skredssikring Otnes bustadfelt/Smiebakken	1 600	1 500	1 500			
Opparbeiding Ty	3 000	9 000	2 700	3 150	3 150	
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	850	7 000	1 750	1 750	1 750	1 750
Smiebakken		7 000	7 000			
Parkering Flåm og Gudvangen		1 000	1 000			
Oppgradering Ryavegen		2 000	1 000	1 000		
<b>Flaumkatastrofen 2014</b>						
Investeringar etter flaumen	48 050	45 000	20 000	20 000	5 000	
Kommunal andel etter flaumen		5 000	1 000	4 000		
Breibandutbyggjing Flåm		1 000	1 000			


ÅR		Sum	2017	2018	2019	2020
Tiltak	Budsjett 2016	2017 - 2020				
<b>Anna</b>						
Bustad flyktingar		<b>2 500</b>	2 500			
Tilrettelegging toalettanlegg		<b>750</b>	750			
Heving av Flåm kyrkje	4 000	<b>0</b>				
Heving av kyrkjegard Aurland		<b>200</b>				200
Branntiltak Flåm barnehage	400	<b>0</b>				
Ringesystem helsetunet	500					
Utskifting gatelys	1 200	<b>3 600</b>	1 200	1 200	1 200	
Gatelys bru til bru i Gudvangen	300	<b>0</b>				
Toalettanlegg Brekkefossen		<b>0</b>				
Oppgradering av turstil Brekkefossen	1 600	<b>1 000</b>	1 000			
Returpunkt renovasjon Gudvangen	300	<b>0</b>				
Engasjement prosjektleiing investeringar 2	1 000	<b>600</b>	600			
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800	<b>800</b>	800			
Skifte av køyretøy/maskiner	300	<b>300</b>	300			
Tilrettelegging næringsareal	500	<b>500</b>	500			
Breibandsutbyggjing		<b>2 000</b>	1 500	500		
IKT - investeringar	800	<b>3 450</b>	1 050	800	800	800
Gateadresser	100	<b>200</b>	200			
Eigenkapitalinnskot KLP	350	<b>1 400</b>	350	350	350	350
<b>Sum tiltak:</b>	<b>88 350</b>	<b>269 750</b>	<b>82 950</b>	<b>90 750</b>	<b>50 450</b>	<b>45 600</b>

#### FINANSIERING:

ÅR	Budsjett	Sum	2017	2018	2019	2020
Tiltak	2016	tiltak 2017-2020				
<b>Spelemedlar</b>						
		<b>0</b>				
Mva refusjon	-9 663	<b>-50 910</b>	-15 790	-16 650	-9 450	-9 020
Sal av tomter		<b>-14 000</b>	-3 000	-6 000	-5 000	
Sal av bygg		<b>-7 500</b>	-7 500			
Husbanktilskot Furuly		<b>-6 700</b>	-5 200		-750	-750
Tilskot tiltak pleie og omsorg	-3 600	<b>-8 000</b>		-4 000	-4 000	
Tilskot flyktningebustad		<b>-1 000</b>	-1 000			
Anleggsbidrag utbyggjar Smiebakken		<b>-3 600</b>	-3 600			
Bruk av lån	-10 947	<b>-105 630</b>	-21 200	-36 670	-19 090	-28 670
Tilskot spelemedlar symjehall	-3 500	<b>0</b>				
Spelemedlar/tilskot turveg Brekkefossen	-1 050	<b>-600</b>	-600			
Tilskot banebelysning	-600	<b>0</b>				
Tilbakebetaling lån Fylket (finansiering bjø)	-3 000	<b>0</b>				
Bruk av skjønsmidlar (flaumpengar)	-48 050	<b>-45 000</b>	-20 000	-20 000	-5 000	
Tilskot breibandutbyggjing		<b>-600</b>	-600			
Konsesjonsavgiftsfondet	-7 780	<b>-25 570</b>	-4 300	-7 270	-7 000	-7 000
Overført frå drift	-160	<b>-640</b>	-160	-160	-160	-160
<b>Sum finansiering</b>	<b>-88 350</b>	<b>-269 750</b>	<b>-82 950</b>	<b>-90 750</b>	<b>-50 450</b>	<b>-45 600</b>

## Økonomiske nøkkeltal

### Fond og gjeld



Storleiken, avsetnad og bruk av disposisjonsfondet gjennom året er den viktigaste indikatoren på korleis den økonomiske situasjonen til kommunen er. Dette må koplast opp mot driftsvolumet, lånegjeld og investeringar.

Aurland kommune hadde i tidlegare vedtekne planar eit mål om å styrka disposisjonsfondet. Pr 31.12.2014 var fondet på 6,2 millionar kroner. Målsettinga var eit disposisjonsfond med ein grunnbeholdning på minimum 20 millionar kroner. Dette er svært viktig for å betre botnlikviditeten til kommunen, og for å kunne møte uføresette utgifter og omstillingar i åra som kjem. For 2017 er det budsjettet med ei avsetning på om lag 1,7 millionar kroner til det frie disposisjonsfondet. Bruk av disposisjonsfondet (budsjettet og regulering gjennom året) viser at avsetningane ikkje held. Fondsbeholdninga som er oppgitt i diagrammet inkluderer utbyte frå ARU.

Aurland kommune får årleg om lag 16 millionar kroner inn på konsesjonsavgiftsfondet. Desse midlane kan gå til tilskot og lån til bedrifter, nye næringsetableringar, andre næringstiltak og til kommunale infrastrukturinvesteringar. Det skal vedtakast eige budsjett for bruk av konsesjonsavgiftsfondet.


Auknen i 2014 skuldast eit låneopptak på om lag 12 millionar kroner. Låneopptaket skuldast kommunen sin likviditetssituasjon, og var ikkje planlagt i utgangspunktet. Ekstra innbetaling av avdrag i 2015 ført til ei styrking av fondet. Kommunestyret har hatt som mål å bygge opp

fondet til ein basiskapital på minimum 20 millionar kroner. Menon-rapport frå januar 2014 konkluder og med at fondet bør gjerast meir solid.



Gjeldsgraden til Aurland kommune har vore relativt låg, men viser kraftig auke ut over planperioden. På grunn av samanheng med kommunen sin ubalanse i drifta, bør dette endrast. Samla lånegjeld pr 31.12.16 var på 110 millionar kroner. Dette er ei endring i strategien om å redusere lånegjelda. Vedtaket om låneopptak førte til betra likviditetssituasjon i 2014, men vart ei kortvarig løysing. Kraftig låneopptak vil ytterlegare presse drifta til kommunen då renter og avdrag føres som utgift i driftsrekneskapen. Diagrammet under viser konsekvensen av investeringsplanen for 2017 – 2020 (tabell side 7 og 8) og reduserte inntekter i same periode

## Likviditet



I 2015 ville likviditetsgrad 2 vore ca 1,5 dersom skjønsmidlane til utberingar etter flaumen blir trekt ut.

Likviditetsanalysen sitt føremål er å kartlegge kommunen sin evne til å betala sine løpende forpliktingar. Den mest vanlege form for likviditetsanalyse er å rekna ut kommunen sin likviditetsgrad. Det er eit nøkkeltal som kjem fram ved å samanlikne storleiken på kommunen sine omløpsmidlar med storleiken på kommunen sin kortsiktige gjeld.

Kommunen sine mest likvide omløpsmidlar (omsett innan eit kvartal) inneheld:

- Kontantar, bankinnskot
- Kassakreditt
- Kortsiktige aksjar og andre verdipapir
- Kundefordringar
- Andre kortsiktige kundefordringar


Aurland kommune har relativt høge inntekter, men likevel er likviditeten til tider svært krevjande. Både inntekter og utgifter i kommunen kjem i ulike periodar. Det er difor viktig å ha ein solid botnlikviditet for å kunne dekke dei daglege betalingsforpliktingane. Det er nødvendigvis ikkje samanheng med høge inntekter (omsetnad) og god likviditet. I tillegg vil ei høg aktivitet innan drift og investeringar påverke kommunen sin likviditetssituasjon.

**Likviditetsgrad 2** bør vere større enn 1 ( $>1$ ). Dette er minimum, og det er viktig å vere klar over at målingane er statiske som viser likviditstsstatusen på eit gitt tidspunkt.

I analysen overfor er tidspunktet pr. 31.12. kvart år. Dei siste åra har kommunen hatt likviditetsproblem i løpet av året. Likviditetssituasjonen bør betrast, og likviditetsgraden bør kontrollerast ved jamne mellomrom.

## Premieavvik

### PREMIEAVVIK



Diagrammet over viser utvikling av oppsamla premieavvik i prosent av driftsinntektene.(usikkert, men her lagt inn med endring i lønngjeld og egedomsskatt)




Når det gjeld premieavvik er dette i ferd med å bli store akkumulerte beløp i balansen, og som no kan sjå ut til å bli ein stor utgiftspost i kommunen sine rekneskap i løpet av nokre år dersom ikkje utviklinga blir snudd.

## Korleis prioritere tiltak og oppgåver?

Skule, helse og omsorgsarbeid er eksempel på typiske velferdsoppgåver som norske kommunar i dag handterer. Dette vil vere primæraktivitetane også i perioden denne økonomiplanen omfattar. Visse typar kommunale tenester vert gjennomførte fordi kommunane gjennom lov er pålagde å utføre desse oppgåvene.

MÅ-oppgåver kan ein ikkje la vere å utføre. I tillegg har ein oppgåver kommunen sjølv ønskjer eller vil gjennomføre, dei såkalla VIL-oppgåvene. Til slutt har vi mange KAN-oppgåver.

Særleg valet mellom VIL/KAN (område 4) og VIL/MÅ (område 3) kan ofte vere vanskeleg. Område 4 inneber ofte populære val retta mot veljarar/innbyggjarar, medan område 3 inneber å gjere tiltak i forhold til kommunen sine utfordringar. Det siste treng nødvendigvis ikkje vere tiltak av det populære slaget.




I Aurland kommune vil det vere naudsynt å prioritere monaleg strengare kva ressursane skal nyttast til. Det vil vere viktig å kartlegge tenestene mht figuren ovanfor. Vere tydleg på det som er kjerneoppgåver, lovpålagede primæraktivitetar og statlege krav, og meir målretta på kva som er kommunen sine hovudutfordringar. Kan og vil oppgåver bør takast vekk eller reduserast.

## Utgangspunkt:



- Aurland har eit omstillingsbehov på 14-15% (25 mill. kr.) i løpet av planpeiroden
- Kvart år i planperioden skal vere i balanse, og betyr at omstillingskravet for budsjettet 2018 er på 8% (netto 13 mill. kr.)
- Gjeldsgrad og netto lånegjeld, som er ein konsekvens av vedteken i økonomiplan 2017-2020, viser at kommunen bør redusere investeringsvolumet i planpeiroden ned mot 100 mill. kroner (vedteken plan 270 mill. kroner)
- Tiltak og budsjett skal vere realistiske
- Effektivitet
  - Det er alltid mogeleg å løpa fortare (auke produktiviteten) og jobbe smartare
- Struktur (er kjemedyrt!)
  - Skulestruktur, barnehagestruktur, institusjonsstruktur, plassering av omsorgsbustader, mm
- Nivå/terskel (for å få tildelt tenester)
  - Kor enkel er tilgangen på heimetenester, kulturskule, PPT, skuleskyss, snøbrøyting, mm

## **Gebyr, brukarbetaling og andre inntekter**



### **Eigedomsskatt**

Aurland kommune kan kompensere noko for bortfall av eigedomsskatt på kraftverk ved å innføre eigedomsskatt på bustader, hytter og næringsbygg. Potensialet kan ligge mellom 2 – 7 mill. kroner i året, avhengig av kva promillesats som blir brukt. Det vil gå med om lag 0,5 mill. kroner på gjennomføring av taksering første året.

### **Konsesjonskraft**

Aurland kommune sel konsesjonskraft til Aurland Energiverk AS med eit påslag på 5 øre pr. kWh. Ein auke i påslaget på 5 øre vil auke inntekta til kommunen med ca 2,5 mill kroner i året. Aurland kommune skal teikne ny avtale med Aurland Energiverk hausten 2017.

### **Aksjar**

Aurland kommune har store verdiar plassert i aksjar (ARU + Aurland Energiverk). Kommunen kan vurdere alternativ finansiell plassering av desse verdiene innanfor ein vedteken plasseringsstrategi med moderat risiko. Erfaringsmessig ligg slike avkastningar (over tid) mellom 6% – 8%- av marknadsverdien. Alternativ er å ta ut meir i avkasting av selskapa (utbyte). I sike spørsmål er det viktig å vurdere kva slags selskap det er, og kva for moglegheit kommune har å avgjere storleiken på utbyte. Potensialet for auka påreknelege inntekter er stort.


### **Brukarbetalingar**

Aurland kommune har innført gebyr innan vatn og avlaup til sjølvkost. I tillegg er det og vedteke prinsipp om anleggsbidrag i utbyggingssaker (investeringar). Aurland kommune kan følge sjølvkostprinsippet vidare ved å innføre dette på dei tenestene dette er meint for.

Dei seinaste åra har sjølvkostutrekningar innanfor fysisk planlegging (private planar, byggesak, oppmåling og eigarseksjonering ) blitt heilt vanleg. Tradisjonelt har mange kommunar i stor grad subsidiert desse gebyra, men innrapporterte KOSTRA-tall viser at gebyra har auka mykje dei seinaste 7-8 åra. Dette kan ha samanheng med strammare kommuneøkonomi og eit generelt ønskje om å ta betalt for det tenestene kostar. Sjølvkost for private planar, byggesak og oppmåling er underlagt eit strengare regime enn til dømes vassforsyning og avlaupshandtering, og skal kunne dokumenterast.

Potensialet for auka inntekter på gebyr og brukarbetalingar er relativt stort.

## Administrasjon og politisk styring




KOSTRA:

### Kapitlet omfatter følgende funksjoner:


- 100 Politisk styring
- 110 Kontroll og revisjon
- 120 Administrasjon
- 130 Administrasjonslokaler
- 170 Årets premieavvik
- 171 Tidligere års premieavvik
- 180 Diverse fellesutgifter

Netto driftsutgifter til adm, styring og fellesutgifter



Det er viktig å peike på at funksjon 120 er den klart svakaste i KOSTRA når det gjeld grunnlaget for samanlikningar. Kva som blir ført på funksjon 120 varierer mykje mellom dei enkelte kommunane. I tillegg er det slik at det er ein direkte samanheng mellom storleiken på kommunen og kor mykje ein bruker på administrasjon. Administrasjonen er i gang med å

endre føringer i tråd med KOSTRA-retningslinjer. Dette vil betre analysen, og potensialet for effektivisering vil kome tydlegare fram.



Aurland kommune har gode mogleger for å effektivisere det administrative og politiske arbeidet. Ved å sjå nærmere på avgjerdssstrukturar, innføre prinsipp om lågaste effektive avgjerdsnivå (LEA), redusere aktivitetsnivå og forventningar og vurdere alternativ strukturar kan potensialet for effektivisering vere stort. Det vil og vere naudsynt å styrke planarbeidet og IKT-området. Det betyr at ei omstilling og inneheld vriding av ressursar. Effekten av eit slikt omstillingsarbeid vil kome gradvis.


## Pleie og omsorg



KOSTRA:

Kapitlet omfatter følgende funksjoner:

- 234 Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede
- 253 Bistand, pleie og omsorg i institusjoner for eldre og funksjonshemmede
- 254 Bistand, pleie og omsorg for hjemmeboende
- 261 Institusjonslokaler



Aurland kommune er i gang med eit omstettingsprosjekt.

Målet er todelt:

1. Å tilpasse aktivitetsnivået til tilgjengeleg økonomisk ramme.
2. Å utvikle ei berekraftig teneste i samspel med brukar, brukar sitt nettverk og samfunnet elles.


Tenestetildeling og arbeidstidsordning er dei to funksjonane som påverkar ressursbruken innan tenestene mest, difor er det nødvendig å ha god styring på desse.

Turnus og arbeidstid med heiltidskultur.

Det er ikkje er nokon definert «objektiv størrelse/omsorgsbehov» som nødvendigvis skal dekkast i ein kommune. Ein bruker dei pengane ein har (ofte pluss litt til) og gir tenester ut i frå det. Det vil sei at kor mykje pleie og omsorgstenester som blir gitt i samanlikningskommunane, først og fremst blir definert ut i frå de ressursane som er tilgjengeleg og den sedvane/praksis ein har, og ikkje ut i frå eit objektivt, allmenndefinert behov.

Omstillinga skal føre til mindre og meir målretta ressursbruk. Dette vil bli synleggjort i økonomiplanen 2018 -2021.


## Helsetenester



KOSTRA:


Kapitlet omfatter følgende funksjoner:

- 232 Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste
- 233 Annet forebyggende helsearbeid
- 241 Diagnose, behandling og re-/ habilitering



For Aurland ser vi at netto driftsutgifter pr innbygger er kr 5 649, noko som er nest høgast i utvalet. Valle ligger høgast i utvalet på kr 8 526, mens Tolga ligger lågast på kr 4 802. Av dei samla utgiftene til kommunal tenesteyting utgjer utgiftene til helse 5,4 % som er nest lågast i utvalet. Landsgjennomsnittet er på 4,5 %.

### Tidsserie




Aurland har hatt ein kraftigare vekst i kostnadsutviklinga frå 2008 enn det kostnadsutviklinga har vore for landet (merk at Aurland er den rauda linja i dette diagrammet). I 2008 brukte Aurland 2,9 millionar meir enn landsgjennomsnittet på helse. I 2015 bruker man 5,8 millionar meir. Veksten var særleg stor frå 2014 – 2015.

Meir interkommunalt samarbeid kan vere med på å redusere utgiftene innan helsetenestene, og vere eit tiltak for å møte utfordringane med rekruttering. Felles lege- og helsetenester med Lærdal (og eventuelt Årdal) bør utgreiast.

Det vil vere føremålstenleg å sjå nærmare på korleis kompetansen blir brukt i denne tenesta.


## Barnevern




KOSTRA:

**Kapitlet omfatter følgende funksjoner:**

- 244 Barnevernstjenesten
- 251 Barnevernstiltak i familien
- 253 Barnevernstiltak utenfor familien



Aurland ligg her nest høgst utvalet med kr 15 851 pr innbyggjar 0-17 år. Den rauda linja viser kor mange barn med undersøkingssaker i forhold til tal innbyggjarar 0-17 år. Den viser at Aurland ligg middels med 3,8 %.




Diagrammet viser at kostnadene til tenesta barnevern i Aurland kommune (inkl Lærdal kommune) historisk stort sett har følgt utviklinga for landet fram til 2011, før deretter å vokse kraftig. Her må det nemnast at Aurland er relativt sett ein liten kommune, og ein plassering av eit barn i tiltak utanfor opphavleg familie kan gi store utslag på denne kurva.

Barnevernet har høge KOSTRA-tal i høve til kostnadseffektivitet.

Aurland kommune er med på KS sitt effektiviseringsnettverk, og på den måten vil kommune søke meir effektiv og målretta teneste. Ein tenesteanalyse er snart ferdig. Analysen viser at kommunen har eit stort tiltaksapparat som ikkje nødvendigvis «snakkar» saman. Det betyr at tiltakstilbodet kan vere overlappande og at fleire einingar tilbyr tilnærma like tenester. Ei samordning av tenestetilbodet vil kunne gje betre ressursutnytting og mogleg tidlegare hjelp. Tenesta kan redusere ressursbruken, men det bør skje ut frå ei totalvurdering på kva type teneste kommunen skal ha. Tenesta vil framleis kunne levere forsvarlege tenester. Rett hjelp til rett tid, og ut av systemet om mogleg er oppskrift på eit kostnadseffektivt barnevern.

## Skule og SFO




KOSTRA:

**Kapitlet omfatter følgende funksjoner:**

- 202 Grunnskole
- 213 Voksenopplæring
- 222 Skolelokaler
- 223 Skoleskyss

Kostnadsdrivarar:


- Tal elevar i gruppene, dvs lærartettleik pr elev
- Skulestruktur / tal skular / gjennomsnittleg skulestorleik
- Lærarane sitt lønsnivå, dvs utdanning og ansiennitet
- (forbruksmateriell og inventar)



I prognosene vist ovanfor, vil talet på innbyggjarar i alderen 6-15 år faller noko fram mot 2024 før det tar seg litt opp igjen. Her er det viktig å hugse på at kvart barn i alderen 6-15 år genererer eit rammetilskot frå staten på ca kr 111 000. Det betyr til dømes at man i økonomiplanperioden 2016-2019 vil få en reduksjon i rammetilskotet på omlag 2 mill. kr. Ser ein dette over lengre tid, er reduksjonen i overføringane svært store.

Aurland kommune har ikkje redusert kostandane til skulen mykje, og har difor kraftig vekst i vekst i «enhetskostnadene» i denne perioden.

## Gruppestorleik 1-10



Denne viser samla lærartettleik (tal elevar/lærar i gruppa). Dersom ein ser detaljert på gruppestorleiken fordelt på trinna, ser ein at trinn 1.-4. er prioritert, slik UDIR har lagt føringar for. Kommunen mottar øyremerkte midlar som blir rapporterer på. Det er derfor viktig at timetildelinga 1.-4. er riktig i rapporteringa.


Føreset kommunen at gruppestorleiken skal auka, kan det berre skje dersom lærartimar/underviste timar minkar = færre lærarstillingar. Dersom ein opprettheld eit elevtimetal på max 141 000 timar og reduserer Lærartimetalet med 4 årsverk (3040 lærartimar), vil gruppestorleiken endrast til 10,65.

Dersom ein opprettheld eit elevtimetal på 141 000 timar og reduserer Lærartimetalet med 6 årsverk (4560 lærartimar), vil gruppestorleiken endrast til 12,13.


## Skulestruktur

Strukturendring i skulen kan vere ei tilnærming som vil redusere kommunen sine kostnader. Det er sjølv sagt mange sider ved slike strukturendringar, som til dømes elevane sitt oppvekstmiljø, moglegheit for god sosialisering, trivsel og læreføresetnader. Økonomisk kan det vere ei god illustrasjon å samanlikna høvet mellom Ljøsne skule/Lærdalsøyri skule med høve mellom FSK og ABU. Avstanden mellom skulane og elevtalet er samanliknbart. Dersom ei ser vekk frå driftskostnad, men ser på tal elevar, vil strukturendringa kunne gje ein kostnadsreduksjon på om lag 3,5 mill. kr. i året. Tar ein med bygg og drift, er potensialet ein god del høgare.

## Skolefritidsordning - SFO




I Aurland kommune har ei netto utgift på kr 23 014 pr innbyggar i aldersgruppa 6-9 år på SFO. Dette er suverent høgst i utvalet.



Aurland kommune sin egenfinansiering av SFO kostar kr 1,7 mill. I dei andre kommunane i utvalet varierer sjølvkost mellom kr 100 000 – 700 000. Det er ca 20 kommunar i Norge som klarer å få dette til å gå til rundt til sjølvkost. Dersom Aurland ønskjer å gjere noko med dette, må ein både auke prisane (og då særlig på fulltidsplass då denne relativt sett er mykje billigare enn deltidsplass), samt sjå på kvifor bruttokostnadene er så høge i Aurland. Naturleg forklaring er struktur og omfang i tilbodet (opningstider)

## Barnehage




KOSTRA:

Kapitlet omfatter følgende funksjoner:

- 201 Førskole
- 211 Styrket tilbud til førskolebarn
- 221 Førskolelokaler og skyss

Kostnadsdrivarar:


- tal barn som deltar, dvs. volumet
- fordeling oppholdstid
- bemanningstettleik pr. barn
- tal barnehagar
- prisen foreldrene betalar



Av de blå søylene kan ein sjå at Aurland kommune ligg nest høgast i utvalet mht netto driftsutgifter til barnehage pr innbyggjar 1 – 5 år med kr 187 986. Den som skil seg ut her er Forsand som bruker kr 121 425 pr innbyggjar 1-5 år på barnehage. Skulle Aurland kommune ligge på dette nivået, måtte man redusert barnehagekostnadene med 4,7 mill. kr.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar i målgruppa er eit resultat av ein kombinasjon av følgjande:


- Dekningsgrader i ulike aldersgrupper, kor høg dekningsgrad gir høge nettoutgifter under elles like forhold
- Struktur på tilbodet
- Bruttoutgiftene pr barn / årsverkstettleik korrigert for alder
- Nivået på foreldrebetalinga opp til max-pris



Aurland kommune ligger nest lågast mht til utgifter til lokale pr barn i kommunal barnehage, kr 20 604. Dette vil endre seg mykje når ny barnehage blir bygd. Alternativet er å redusere tal barnehagar.

Aurland kommune kan vurdere opningstider, løpende opptak og struktur for å redusere kostnader til barnehagedrifta.


## Kultur og kyrke



### KOSTRA:

Kapitlet omfatter følgende funksjoner:

- 231 Aktivitetstilbud til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museer
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Musikk- og kulturskoler
- 385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andre kulturbygg
- 386 Kommunale kulturbygg
- 390 Den norske kirke
- 393 Kirkegårder, gravlunder og krematorier



Ut frå talla ser ein at Aurland kommune har ein kostnadsprofil som skil seg ut frå dei andre ved at kommunen bruker vesentleg meir på idrett enn dei andre kommunane i utvalet.